

Møtereferat

Dato: 21.03.2016

Emne:	Referat frå skulebesøk på Arna vgs, 15.3.16		
Til stades:	Frå skulen: rektor Marianne R. Løvskar, avd. leiar TIP/HO Einar Tøsdal, avd. leiar BA Ståle Brattebø, elevinspektør Elin Kumle, ATV SL Frode Utkilen, elevrådsleiar Steffen Totland Larsen og elevar på BA Kristian Selbak og Jonas Andre Skulstad. Frå opplæringsavdelinga: regionleiar Hillevi Runshaug og spesialrådgivar Tor Ivar Sandvik Frå Garnes vgs: ass. rektor Svein Arne Nybø		
Forfall:			Sak: 2016/300-9
Møtetid:	0830-1130	Møtestad:	Arna vgs

Møteleiar: Hillevi Runshaug
Referent: Tor Ivar Sandvik

Opplæringsavdelinga har, som del av system for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane, gjennomført skulebesøk ved Arna vidaregåande skule.

Skulebesøket var sett opp etter programmet som var sendt ut på førehand:

- A. Velkommen
- B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde
- C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring
- D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – prosessen vidare
- E. Oppsummering og evaluering

B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde

1. **Tema/prosjekt som skulen har valt ut og som er henta frå skulen sitt utviklingsarbeid:**
BMWood (building with massive wood): internasjonaliseringsprosjekt ved avdeling for bygg- og anleggsteknikk.

Avdelingsleiar og elevar la fram erfaringar frå bedrifts- og skulebesøk i Austerrike saman med elevar frå andre land. Elevane reflekterte rundt innhaldet i besøket og korleis opplæringa og produksjon i bedrift skil seg frå korleis vi gjer det i Noreg. Opplæringa skil seg mellom anna ut gjennom at elevane er tre månadar i skule for deretter å vere tre månader i bedrift. Dette vekslar over ei periode på fire år. Eit anna døme var ein meir moderne maskinpark og korleis bruk av mobiltelefon og pc var tydelegare regulert i opplæringa.

Elevane fortalte om positive erfaringar både gjennom auka fagleg utbyte og auka kjennskap til andre kulturar. Språk var den største utfordringa, då dei austerriske elevane ikkje var så stødige i engelsk. Kommunikasjonen gitt likevel greitt gjennom det faglege arbeidet.

Internasjonalisering er positivt både for fagleg og personleg utvikling, og skulen har planar om å søkje om eit nytt prosjekt knytt til fukttesting i massivt tre, men ventar med det på bakgrunn av administrativ samanslåing av Garnes vgs og Arna vgs. Arkitektthøgskulen og ingeniørutdanninga på HiB har allereie vist interesse for arbeidet.

2. Tema frå skulen sitt utviklingsarbeid som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdjupa:

Punkt 3 i tilstandsrapporten beskriv klasseleiing som eit konkret tiltaksområde, der resultatane har vore auka bevisstheit på bruk av skuleregelement, merknadsføring og karakterar i orden og åtfærd. Skulen skriv også at lærarteamet i større grad no har fokus på klasse- og læringsmiljø. Dette er også tiltak i utviklingsplanen (tiltak 1.2.3). Kva legg skulen i eit godt klasse- og læringsmiljø, kva utfordringar ligg her og kva ønskjer ein å oppnå?

Klasseleiingsprosjektet blei starta opp på bakgrunn av varierende praksis rundt regelhandtering i dei ulike klassane. Leiinga og personalet brukte også mykje tid på å definere skulen sitt elevsyn.

Elevane i møtet forklarte at forskjellen var stor frå Vg1 til Vg2 med tanke på arbeidsro. Medan første året var prega av mindre oppfølging og arbeidsro, blei det ved starten på Vg2 arbeidd mykje med reglar og oppfølging av desse. Elevane fekk vere med å bestemme reglane, og både lærarar og elevar gav i møtet uttrykk for at arbeidsroen i undervisninga er monaleg betre. Elevane gav også uttrykk for at måten reglane ble innført på, med klar elevmedverknad, er viktig for at alle får eit eigarskap til desse. Det blei vist til at reglane skapar ein tydeleg struktur og at om noko oppstår i timane er det lett å vise til vedtekte reglar.

Dei viktigaste endringane var at mobiltelefon ikkje var tillate og pc-bruk skulle berre vere knytt til fag. Implementeringa av reglane tok litt tid, med mange åtvaringar og der elevane testa grensene som var sett. Etter ei tid glapp også rutineane, og praksis sklei litt ut. Skulen stramma deretter inn igjen oppfølginga av reglane. Ein ser at reglane fører til at undervisninga blir meir effektiv og at arbeidsro er betra. Elevundersøkinga viser framgang på variabelen *arbeidsro* på skulenivå. Det er variasjonar mellom avdelingane.

Det blei spurt om korleis klasseleiing og læringsmiljø blir trekt inn i trekantmøta. Det er ofte enkeltsakar som blir tatt opp, men ein prøver å effektivisere desse møta etter oppsette planar. Elevane blir også utfordra på å ta opp sakar i klassens time og vidare til trekantmøta.

Skulemiljøutvalet jobbar med kvar klasse om læringsmiljø. Kontakt mellom leiing og elevar er viktig her. Elevundersøkinga viser at elevane trivst på skulen. Variasjonane er mindre mellom avdelingane. Det blei tatt opp at elevane påverkar kvarandre og er viktige for dynamikken i den enkelte klasse.

Relasjonar mellom elevane og mellom elevane og lærar er viktig for å skape eit godt læringsmiljø. Elevane seier kontakten med programfagslærarane er tett, medan dei ikkje får den same kontakten med fellesfaglærarane. Tal timar i fellesfaga og type fag er viktige forklaringar på det.

Kollegabasert rettleiing er innført som ein viktig metode i utvikling av eigen klasseleiingspraksis og er henta frå Udir sitt opplegg. Det er konkrete punkt som skal observerast, men ein har ikkje hatt høve til så mange samtalar rundt det som har vore observert enda. Det er planlagt refleksjonsgrupper etter påske, og leiinga legg opp til onsdagsmøte der lærarane jobbar saman. For lærarane på yrkesfag er observasjon ein naturleg del av opplæringa og metoden er godt motteke.

C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring

Opplæringsavdelinga ønskjer ein dialog rundt nokre sentrale spørsmål, som har innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring.

Med utgangspunkt i tilstandsrapporten og resultat i PULS, korleis arbeider skulen systematisk med:

- **Overgangane for å sikre auka fullføring?**

- ungdomsskule – vidaregåande opplæring
- mellom nivåa i vidaregåande opplæring
- mellom vidaregåande opplæring og arbeidsliv

Det blei vist til referat frå skulebesøk vår 2015 der det kom fram at informasjonsflyten frå grunnskulen ikkje var like god som tidlegare. Arbeidet mot rådgivarane i grunnskulen er viktig, og informasjonsflyten opplevast betre enn i fjor. Ein må likevel ta høgde for at det kan vere høve rundt eleven som ikkje kjem fram før seinare i skuleåret.

Ein særleg sårbar overgang i utdanningsløpet er mellom Vg2 og Vg3 på yrkesfag. Skulen har god kunnskap om og kontakt med aktuelle bedrifter. Utplassering gjennom PTF er særleg viktig for at eleven skal få tilbod om læreplass. Skulen jobbar strategisk i møtet med bedriftene, der dei legg opp til at elevane kan få praksis i bedrifter kor sjansen er stor for seinare å få læreplass. Byggmeister Hitland har besøkt skulen og gitt gode skotsmål for det arbeidet som blir gjort, og at han gjerne tek i mot fleire lærlingar frå skulen.

For elevar som fortset på skulen blir informasjon utveksla mellom trinna. Rådgivar jobbar mot ny skule med informasjon om dei elevane som byter mellom trinna.

- **Oppfølging av eleven si læring og utvikling og kvalitet i undervisninga**

Skulen har tette klasselærarmøte, kor det også blir løfta fram om ein elev står i fare for å få 1 eller IV. Det blir då aktuelt å kontakte heim om elevar er under 18 år. Skulen nyttar Google docs til førebuing og gjennomføring av klasselærarmøta, der lærarane på førehand kan skrive inn og lese seg opp før møtet.

Individuelle elevsakar blir ofte teke opp i ressursteamet, og skulen har tolærarsystem i nokre klassar. På den måten får ein tett oppfølging på fleire arenaer. Tolærarsystemet er særleg aktuelt i matematikk og nokre av norskgruppene, då med tanke på minoritetsspråklege elevar. Elevane ga uttrykk for positive erfaringar og at det varierer litt korleis ordninga blir nytta.

Elevane opplever startsamtalane som positivt då dei blir betre kjent med kontaktlærar. Foreldre/føresette blir invitert med for elevar under 18 år.

For vidare kartlegging av elevane sine føresetnader ved inntak til Vg1, blei det referert til Os vgs som har ein eigen diagnostiseringstest i matematikk som går utover å kartleggje grunnleggande ferdigheiter. Testen har som mål å avdekkje spesifikke hol elevane har i faget.

Ved frávær på fem dagar eller ti enkelttimar koplur skulen på helsesøster/rådgivar. Elevane er opptekne av ny fráværskrift frå hausten 2016. Fellesfaga er særleg utsatt ved fráværsutvikling.

Vurdering for læring blei drøfta med utgangspunkt i resultat frå Elevundersøkinga. Det blei vist til døme på korleis elevane skal vurdere eige arbeid. Det blei diskutert kva eigenvurdering skal vere, at formålet er at eleven skal reflektere over og bli bevisst på eiga læring.

- **Elevmedverknad og læringsmiljø?**

Tematikken blei drøfta i punkt B og C.

D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – Prosessen vidare

Grunna administrativ samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs blei ikkje nytt styringsdokument inngåande drøfta. Leiarar ved dei to skulane har delteke på skulebesøk på tvers, og det var einigheit i at det er fleire felles område for skulane å gripe fatt i. Vidare prosess krev involvering av personalet og elevar på begge skulane.

Skulen fekk skryt for kvalitet på eigen tilstandsrapport. Det viktigaste formålet med rapporten er at skulen får eit dokument som er nyttig i det vidare kvalitetsvurderings- og utviklingsarbeidet lokalt. Utviklingsplanen har også blitt revidert og er no meir konkret.

E. Oppsummering og evaluering

Det blir opplevd at ein gjennom skulebesøka får stoppa opp og løfta blikket. I førebuinga må skulen sjå på eiga verksemd. Besøka har ei positiv utvikling gjennom at skulen får vist fram kva dei konkret jobbar med. Elevane opplever også dette, og får eit betre innblikk i det skulen driv med, og at elevane si læring blir løfta fram i møte mellom skule og skuleeigar. Dei ønskjer å ta med seg informasjonen og erfaringane frå besøket vidare til elevrådet.

Klasse- og læringsmiljøarbeidet er eit sentralt område å følgje opp vidare. Enkeltelevar kan påverke miljøet, og skulen må kontinuerlig jobbe for eit godt læringsmiljø.

Internasjonaliseringsarbeidet blei løfta fram som eit viktig tiltak då det gir fagleg og sosialt utbyte for både elevar og lærarar. Avhengig av administrative ressursar ved samanslåing, vil skulen søkje om midlar til eit nytt prosjekt, jf. pkt. B.

Skulen har jobba med kollegabasert rettleiing som metode i læringsmiljøarbeidet. Det har ikkje vore mykje tid til refleksjon rundt det som har vore observert, noko som er viktig for å få fullt utbyte av metoden.

Referatet er godkjent av:

Rektor Marianne Rolland Løvskar
Regionleiar Hillevi Runshaug